



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset
Dato: 01.06.2015
Tid: 08.00 – 10.20

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	
Wenche Gjerde Sætre	Nestleiar	
Marianne Brune Leikanger	Medlem	
Bjørn Thore Hansen	Medlem. I sakene 13-21.	
Harald Sætre	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Torbjørn Rekdal snr. I sakene 22-24.

Frå Vest kontroll møte:

Namn

Jostein Støylen Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn

Halldis Moltu Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn

Stilling

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
13/15	GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE.
14/15	GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ SISTE MØTE.
15/15	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015
16/15	MELDINGAR
17/15	REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2014
18/15	KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2014
19/15	REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2014 SANDE NÆRINGSFORUM KF
20/15	OPPLÆRING NYE KONTROLLUTVAL
21/15	MØTEPLAN HAUST 2015
22/15	RAPPORT FRÅ ORIENTERINGSBESØK PÅ GURSKEN OPPVEKSTSENTER
23/15	OPPFØLGING SANDE NÆRINGSFORUM
24/15	UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

SAK 13/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 14/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 26.02.2015.

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 26.02.2015 vert godkjent.

SAK 15/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret	17.03, 28.04
Formannskapet	17.03, 24.03, 21.04, 28.04, 12.05
Driftsutvalet	26.02, 09.04
Eldrerådet	19.03
Arbeidsmiljøutvalet	10.02
Sande næringsforum	24.02
Naturforvaltningsnemnda	07.05
Ungdomsrådet	18.05
Valstyret	12.05

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 16/15 MELDINGAR

Meldingar

1. Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement: «Spørsmål om innsyn i deleide selskaper i samband med selskapskontroll»
2. Melding om vedtak: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Økonomisk rapportering Sande kommune
3. Melding om vedtak: Årsmelding 2014 – Kontrollutvalet i Sande

Samrøystes vedtak

Meldingane vert tekne til orientering.

SAK 17/15 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2014

Vedlegg

1. Rapport frå revisjonen. B- dokument (**Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk**)
2. Rådmannen sitt svar på kontrollutvalssak 15/14.

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommuneleva § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt på sjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Eg legg då inn kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11
Krava her er fulgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF § 12
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15
Revisor har gitt skriftleg eigenvurdering for 2014.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.
Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer sin uavhengigheit fortløpande.
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
Kontrollutvalet har 07.05.2014 motteke kopi av oppdragsavtale revisjonen har inngått med rådmannen. Dette er datert 09.12.2011.
Kontrollutvalet sin kunnskap elles om kva revisjonsarbeidet omfattar, er gjennom kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund.
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til denne saka, Revisjonsrapport 1/14 Intern kontroll / løpande revisjon / årsavslutning. Dette dokumentet er eit omfattande og godt dokument om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2014 rekneskapen.
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort.
Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira på-sjå ansvar overfor revisjonen. Dokumentet gir også kunnskap om tilhøve som revisjonen har teke opp med kommuneadministrasjonen for å gjere tilhøve betre.
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn.
Inngått avtale mellom kontrollutvalet og revisor gjeld frå 01.01.2015.
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for 2014. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 34/14.
8. Nummerert brev. RF § 4
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2014.

9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i 2014.
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5
Revisjonsmeldingar ligg føre. Den for kommunen er datert 15.04.2015 og den for Sande næringsforum er datert 24.02.2015
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
Eg har ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Samrøystes vedtak

1. Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2014.
2. Kontrollutvalet viser til pkt. 5 Kunnskap om revisjonen sitt innhald, og ber rådmannen gjere betringar på tilhøve som er peika på av revisor. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på om og når omtalte tilhøve vert gjort noko med

SAK 18/15 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2014

Vedlegg

- Revisjonsmelding 2014. Datert 15.04.2015.
- Rekneskap 2014. Utsendt frå kommuneadministrasjonen
- Årsmelding 2014. Utsendt frå kommuneadministrasjonen

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2014.

Driftsrekneskapen viser kr 165.904.042 til fordeling drift.

Det kjem fram at rekneskapen av avslutta med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1.601.000.

Revisjonsmeldinga

Utale om årsrekneskapen

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen:

- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Nødvendig intern kontroll for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller annan feil

Revisor sine oppgåver og plikter:

- Skal uttale seg om årsrekneskapen på grunnlag av den revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at han lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisors oppgåver og plikter* i revisjonsmeldinga

Revisor sin utale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett:

- Regulert budsjettet i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.

Beløpa i årsrekneskapen viser **avvik** i høve til regulert budsjett. Rådmannen har gitt forklaring årsmeldinga

Konklusjon om årsmelding:

- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter

Konklusjon om registrering og dokumentasjon:

- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg

Konklusjon

Etter revisor si meining er årsrekneskapen, med unntak slik det går fram i uttalen, avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen pr 31.12.2014, og av resultat for rekneskapsåret per denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Økonomisk og annan informasjon

Her vert det vist til rekneskapen og årsmeldinga for 2014, som fylgjer som vedlegg.

For **rekneskapen** viser vi særleg til oversiktene:

- Økonomisk oversikt – Drift
- Økonomisk oversikt – Investering
- Anskaffelse og anvendelse av midler – endring i arbeidskapital
- Skjema 1A og 1B – Driftsrekneskapet fordelt på område
- Rekneskapsskjema 2A – Investeringsregneskapet
- Rekneskapsskjema 2B Investeringsrekneskapet fordelt på dei ulike investeringsobjekta
- Balanserekneskapet
- Spesifikasjon fond – notar til balansen
- Kapitalkonto
- Lånegarantiar
- Detaljar for rekneskapen.
- Notar til rekneskapen

For **årsmeldinga del 1** viser vi til:

- Rådmannen sine kommentarar frå side 5
- Fakta og organisasjon side 7
- Økonomi frå side 8, med bl.a. driftsoversikt for einingane (side 9) med Deretter fylgjer oversikt over lånegjeld, fondsutvikling, kostratal og balanse.
- Personal frå side 15
- Politisk styring frå side 18. Frå side 20 er det oversikt *over saker som kommunestret har behandla og status for oppfølginga.*

I **årsmelding del 11** finn ei fleire detaljar for dei ulike einingane.

Ein bør merke seg at revisor i revisjonsmeldinga peikar på at beløpa i årsrekneskapen viser **avvik** i høve til regulert budsjett. Rådmannen skriv i årsmeldinga «Årsrekneskapen for Sande kommune 2014 er lagt fram, og resultatet syner eit rekneskapsmessig resultat som vi ikkje kan vere nøgd med.

2014 vart eit langt vanskelegare år økonomisk enn dei siste åra før. Svikt i skatt og ramme på 4,3 mill i høve opprinneleg sentrale signal, avvik mellom budsjett og rekneskap på nesten alle

einingane og endring i periodisering av løn medførte at berre meirinntekter ressurskrevjande brukarar, god avkastning på kommunen sine midlar, positivt premieavvik og bruk av oppsparte midlar gjorde at rekneskapsmessige meirforbruk i 2014 vert dekkja inn. Netto driftsresultat var på – 2 mill og – 1,3% av brutto driftsinntekter. Hausten 2014 vart det gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.» Viser elles til årsmeldinga.

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2014 datert 15. april 2015.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Sande kommune for rekneskapsåret 2014, som består av balanse pr. 31.12.2014, driftsrekneskap som viser kr 165.904.042 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1.601.000, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. 31.12.2014, og ein beskrivelse av vesentlege anvendte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar, **kan godkjennast.**
3. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen viser avvik i høve til regulert budsjett.
4. Kontrollutvalet registrerer negativ utvikling i sjukefråvære, og er uroa over situasjonen.

SAK 19/15 REKNEKAPEN MED ÅRSMELDING 2014 SANDE NÆRINGSFORUM KF

Vedlegg

- Revisjonsmelding 2014. Datert 24.02.2015.
- Styret si behandling av årsrekneskap og årsmelding 2014. Sak 3/15 av 24.02.2015.
- Rekneskap og årsmelding for 2014.

Saksopplysning

Viser til vedlegga til saka: Revisjonsmelding, styresak i Sande Næringsforum, årsmeldinga og rekneskapen, samt kontrollutvalssak 7/15 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2014 og gjennomgangen i kontrollutvalsmøtet.

Årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på kr 294.449 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0.

Revisjonsmeldinga:

Uttale om årsrekneskapen:

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

- Å utarbeide årsrekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- At det er ein intern kontroll som gjer det mulig å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

- Skal seie si meining om årsrekneskapen på grunnlag av den revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at han lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisors oppgåver og plikter* i revisjonsmeldinga

Konklusjon

- Rekneskapen er gitt i samsvar med flov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga og resultatet for rekneskapsåret, som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Uttale om andre tilhøve:

Konklusjon om budsjettet

- Regulert budsjett er i samsvar med budsjettvedtak. Rekneskapen viser rimeleg samsvar med budsjett, men **budsjettet er ikkje vedteke av kompetent organ (kommunestyret)**

Konklusjon om årsmeldinga

- Opplysningane i årsmeliga er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleleg registrering og dokumentasjon av Sande Næringsforum KF sine rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk

Samrøystes uttale

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2014 datert 24. april 2015.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen for 2014, som består av årsmelding, driftsrekneskap og balanse pr. 31.12.2014 med notar, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 294.449 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0 **kan godkjennast.**
- 3 Kontrollutvalet gjer merksam på budsjettet ikkje er vedteke av kompetent organ som er kommunestyret. Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for rutinar som sikrar rett behandling av Sande Næringsforum KF sitt budsjett i framtida.

SAK 20/15 OPPLÆRING NYE KONTROLLUTVAL

Saksopplysningar

Når nytt kontrollutval trer i kraft utpå hausten kjem spørsmålet om opplæring opp.

Vi tek ein diskusjon i kontrollutvalet om korleis ein best og billegast kan få til god opplæring for det nye kontrollutvalet.

Stikkord:

- Fellesopplæring med andre kontrollutval i sekretariatsdistriktet
- Fellesopplæring med andre kontrollutval i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane
- Individuell opplæring for kvart kontrollutval
- Sentral opplæring på landsplan

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet prioriterer opplæring etter pkt. 1 og 3.

SAK 21/15 MØTEPLAN HAUST 2015

Saksopplysningar

Det er nyval til hausten. Etter lovverket skal kontrollutvalet veljast på konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap. Ut frå dette det greitt å få planlagt møte hausten 2015, både for noverande kontrollutval og for det nye.

Dato for konstituerande kommunestyremøte er ikkje satt.

Samrøystes vedtak

Siste møte for noverande kontrollutval vert den 24.09.2015, kl. 08.00.

Første møte for det nye kontrollutvalet vert den 25.11.2015. kl. 08.00.

SAK 22/15 RAPPORT FRÅ ORIENTERINGSBESØK VED GURSKEN OPPVEKSTSENTER

Vedlegg

Rapport frå orienteringsbesøk ved Gursken oppvekstsenter

Saksopplysningar

I samband med utvalet sitt møte den 26.02.2015 vart orienteringsbesøket gjennomført.

For meir og detaljert informasjon visast det til rapporten.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende rapport frå orienteringsbesøk ved Gursken oppvekstsenter 26.02.2015.

SAK 23/15 OPPFØLGING SANDE NÆRINGSFORUM KF

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde den 26.02.15 sak 12/15 slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber dagleg leiar og styreleiar i Sande Næringsforum KF kome med skriftleg tilbakemelding på deira oppfølging av kontrollutvalssak 23/14, innan 30.03.15.

Utskrift vart ikkje sendt styreleiar, då postadressa/journalføringa skal foregå i foretaket. Ein føreset at post sendt dit – vert vidareformidla til styreleiar.

Vedtaket i sak 23/14 lyder slik:

1. Kontrollutvalet ber om at møteprotokollane som er mangelfulle siste året vert korrigert snarast.
2. Kontrollutvalet ber om at revidert og styrebehandla rekneskap vert levert til rett tid.
3. Kontrollutvalet ber om at vedtektene vert oppdaterte i henhold til siste endringar i Kommuneloven.
4. Kontrollutvalet ber om betre protokollering, med omsyn til tilhøve kring habilitetsspørsmål og møtedeltaking.
5. Kontrollutvalet føreset at «føre var prinsippet» har høg fokus i all sakshandsaming.
6. Kontrollutvalet gjer merksam på at kommunestyret skal velje alle medlemar i næringsforumet, også representantane frå næringslivet. Utvalet ber om at forumet innrettar seg etter lovkrava og sikrar nødvendig kommunestyrebehandling.

7. Kontrollutvalet ber om at næringsforumet gjer nødvendige endringar i Brønnøysundregisteret fortløpande, og i samsvar med lovlege vedtak.
8. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding når påpeika tilhøve er retta. Kontrollutvalet vil følgje opp i seinare møter.

Dagleg leiar har gitt slikt svar:

Alle punkta som er lista opp i brevet er etterfølgde etter beste evne.

List (punkta i kontrollutvalsvedtaket) 1 til 8 , med unntak av pkt 3 har dagleg leiar kvittert ut som ok. Det må ein tolke som retta eller at det vert oppretta og andre pkt vert følgde opp framover. Når det gjeld pkt. 3 ber dagleg leiar om hjelp frå Vest kontroll for kva som måtte endrast og truleg korleis. Kontrollutvalet må her presisere kva som var feil i noverande vedtekter.

Når det gjeld mangelfulle protokollar som må rettast, så har dagleg leiar fått melding om at dei må signerast på nytt og behandlast på nytt i styret. Dette vart gjort i styremøte 27.05.2015.

Dokumentasjon (møteprotokollen) for dette vart delt ut i møtet.

Viser også til vedlagde sak 17/15 i Sande Næringsforum, der retta møteprotokollar ligg ved.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet viser til sak 23/14 og tek tilbakemeldingane frå Sande Næringsforum KF til vitende.

SAK 24/15 UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Harald Sætre.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST

HARALD SÆTRE

UTSKRIFT TIL:

**KOMMUNESTYRET SOM MELDING
KONTROLLUTVALET FOR GODKJENNING I NESTE MØTE
RÅDMANN
ORDFØRAR**